

Tilskot til kulturminne i Hordaland 2015

Vern og vøling



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE





Murboligen i ODDA

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Odda

Eigar: Bakka Borettslag
Postboks 737
ODDA

Kostnad: 5.000.000,-

Søknadssum: 1.000.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Murboligen i Odda vart bygd i 1913-1915 som bustad for arbeidarane ved North Western Cyanamide Company (som i 1924 vart ei ein del av Odda Smelteverk AS). Dette var den første blokka i Hardanger. Seinare vart Murboligen arbeidarbustad for tilsette ved DNN Aluminium AS i Tyssedal. Då aluminiumsverket vart nedlagt i 1982, selde bedrifta leilegheitene til tilsette og andre interesserte. I 1984 vart Bakka Borettslag oppretta. Odda kommune har regulert området på Bakka til spesialområdevern.

Tiltak

På oppdrag frå styret i Bakka Borettslag har bygningskonsulent og takstmann Steinar Tokheim i Odda i år utført ein ny kalkulasjon over naudsynt rehabilitering av tak på Murboligen. Kalkulasjonspostane inneheld undertak, taktekking, renner og beslag, takvindauge, ark og takløft. Kostnadsoverslaget inneheld og nye vindauge og utskifting av kledning i ark der det er naudsynt, samt rigg- og driftskostnader.

Tilråding

Den samla søknadssummen til «Vern og vøling» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891.000,- til fordeling. Dei omsøkte tiltaka er svært omfattande og kostnadskrevjande. Tiltak knytt til tak er særst viktig og alle antikvariske meirkostnadar kunne fått tilskot. Då den samla ramma til fordeling ikkje strekker til, vil vi ikkje prioritere dette tiltaket i år. Avslag.



Skulehus Gnr./Bnr. 148/3

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Tysnes

Eigar: Solheimsdalen grendalag
5694 Onarheim

Kostnad: 200.000,-

Søknadssum: 100.000,-

Tilråding: 30.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Huset er bygd i 1896, og påbygd lærarhusvære i 1917. Skulestova er tømra og framstår som original. Muren både på stova og på skuleplassen er den opphavlege. Under lærarbustaden er det god og tørr kjellar, i mur forsterka med sement av god kvalitet. Tysnes Kommune har vald Solheimsdalen som sitt skulemuseum.

Tiltak

Tilskotet skal nyttast til å byta ut alle vindauga i huset (5 store, 3 mellomstore og 3 små).

Vurdering

Hordaland fylkeskommune vurderer dette som eit godt tiltak der det vert lagt ned stor dugnadsinnsats og bygningen fungerer som sosial møteplass. I søknaden går det fram at ein vil skifte ut dei originale vindauga til nye. Gamle vindaug er oftast av svært god kvalitet er ein viktig del av huset sitt uttrykk. Difor vil vi tilrå at ein vurderer om dei gamle vindauga let seg sette i stand. Om det er behov for fagleg rettleiing i samband med dette rår vi dei til å kontakte Sunnhordland Museum.

Tilråding

Kr 30 000,-



Eldhus på Stord

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Stord

Eigar: Anne Guri Vatna Bjørnbakk
Vatnadalsvegen 100
STORD

Kostnad: 200.750,-

Søknadssum: 30.000,-

Tilråding: 30.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Mura og tømra eldhus med rastehelletak. Båe langsidedene, gavlen i sør og halve gavlen i nord er i tørrmur. Murane er knappe 2 m høge. Over murane er det lafta to omfar, der stavlegga er øvste omfaret. Stavleggene har to betar for å hindra utspenn av taket. I følgje munnleg tradisjon skal bygget vere svært gamalt.

Tiltak

Vøle av rastehelletak; ta ned med heller, sperr og lekter. Utsifting av roteskadd material og deretter ver taket lagt oppatt. I tillegg istandsetting av kledning og dører.

Tilråding

Eldhuset er ein viktig del av heilskapen i tunet og er i bruk i samband med tilverking av tradisjonsmat og som sosial møtestad. Tiltaket er nødvendig for å ta vare på huset og vi vil tilrå at ein støttar tiltaket med

kr 30 000,-



Kunesbuo

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Kvinherad

Eigar: Wenche og Kjetil Brix
5460 Husnes

Kostnad: 203.000,-

Søknadssum: 50.000,-

Tilråding: 50.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Huset vart bygd i 1850 og seinare påbygt i 1860,då vart det primert nytta i samband med fiske, seinare som krambu/landhandel med utsal av bakevarer mm, og til slutt notbruk og brislingsfiske.

Tiltak

Istandsetting av eksisterande skifertak som inneber demontering av skifer, utskifting av råte/svekka materialar i berekonstruksjonen under tak, samt tilbakeføring av skiferheller. Det må og lappast i undertaket med like sutaksbord der dette er naudsynt. Utskifting av vindaug då desse lek, spesielt nordsida av huset. I tillegg må det skiftast noko kledning. Berekonstruksjonen under naust må forsterkast og jekkast opp der det er sege ned. Forsterkning frå golvflate mot innertak. Bygget bør og få behandling mot mit.

Tilråding

Kunesbua er eit viktig kulturminne som fortel om tida med brislingfiske, og om tida bua vart nytta til landhandel den tid då sjøen var vegen og bua låg sentralt i leia. Med si opphavlege form og uttrykk er denne bua ein viktig representant for byggeskikken på kysten. Det er ikkje store tiltak som skal til for at denne bygningen kan bergast for mange år framover.

Kr 50000,-



Litlakalsøy

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Austevoll

Eigar: Martha Eli Walquist
5388 Litlakalsøy

Kostnad: 53.500,-

Søknadssum: 53.500,-

Tilråding: Avslag

Sum tilskot siste 5 åra: 0

Kulturminne

Kulturbeite og utmark på Litlakalsøy.

Tiltak

Rydding og skjøtsel av kulturlandskap/kulturbeite.

Tilråding

Vern og vøl midlane skal i følge retningslinene "nyttast til tiltak innafor kulturminnefeltet, og i hovudsak dekkje meirkostnader som er skulda antikvariske krav som er sett til istandsetting av kulturminnet". Det kan løyvast skjøtselmidlar i samband med freda bygg og anlegg over Riksantikvaren sitt budsjett, men berre til skjøtseltiltak knytt opp til freda bygg og anlegg. Vi oppmodar søkjar om å kontakte kommunen for å høre om det kan løyvast landbruksmidlar til tiltaket. Vi gjer avslag på søknaden sidan tiltaket fell utafor retningslinene for denne tilskotsordninga.



Minnelund Hakastad

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Ullvik

Eigar: Ullvik Sokn
Storøyeni 6
5730 Ullvik

Kostnad: 70.000,-

Søknadssum: 40.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Gravlund og rest av gamal kyrkjegard med gamle gravminne ved prestegarden på Hakastad.

Tiltak

Oppsetjing av smijernsgjerde rundt freda minnelund/gamal kyrkjegard.

Tilråding

Det er ikkje dokumentert at det tidlegare har vore smijernsgjerde rundt gravlunden. Det har derimot vore ein steingard her tidlegare som no er fjerna. Oppsetting av eit nytt smijernsgjerde er ei oppgradering og ikkje ei istandsetting. Vi rår ikkje til å støtte dette tiltaket.

Avslag



Husmannsplassen Stykkjet

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Kvam

Eigar: Skeie -Rubio Liv helena
Steindalsvegen 301

Kostnad: 53.000,-

Søknadssum: 53.000,-

Tilråding: 20.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Samanbygd anlegg frå 1700- talet med våningshus/stove og løe/skykkje. Rasteheller og torv på taket.


Tiltak

Bytte vindauge, takrenne/trerenne, skraping og maling.

Tilråding

Det har i tidlegare tider funnest mange slike anlegg i bygdene på vestlandet, men i dag er det få att av dei. Eit viktig bygningshistorisk anlegg som er godt synleg i landskapet. Vilkår for tilskot er at vindauge ikkje vert bytta ut, men restaurert.

Kr 20000,-



Sund bygdemuseum

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Sund

Eigar: Sund kommune
Pb 23
5371 Skogsvåg

Kostnad: 424.000,-

Søknadssum: 364.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Huset, som er frå 1899, er bygd i laft og kledd med liggjande høvla furupanel med perlestaffprofil. Taket, som er skifta til betongstein, var opphavleg teglstein.

Tiltak

Tilskotet skal nyttast til å føra bygget tilbake til same utsjåande som då det var skulehus. Det omfattar riving av eit rote tilbygg som er kome i ettertid, utskifting av ein del kledning på vestsida, flytting av sikringsskap, utbetring av det elektriske anlegget, restaurering av glasa og skraping og maling av heile bygget.

Tilråding

Dei eldre skulebygningane fungerer ofte som sosiale møtestader i bygdene og har høg identitesskapande verdi. Frå 1860 og til 1920 vart det bygd 4600 skular i landet. Skulekrinsane var svært små og dei eldre skulebygningane er difor godt representert. Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling. Då den samla ramma til fordeling ikkje strekker til, vil vi ikkje prioritere dette tiltaket i år.

Avslag



Lærumhuset

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Voss

Eigar: Ole Didrik Lærum
Gullfjordungsvegen 1
5704 VOSS

Kostnad: 217.000,-

Søknadssum: 129.500,-

Tilråding: 50.000,-

Sum tilskot siste 5 åra: 60.000,-

Kulturminne

Lafta tømmerhus i sveitserstil frå 1891 med utvendes panel, rikt dekorert fasade og utskjeringar langs taket. Lærumhuset er den gamle doktargarden på Voss med hovudhus, hønsehus (no gjestehus) og stall/garasje som ligg i ein 2.7 dekar stor hage sentralt på Vangen. Den har vore i same familien si eige sidan 1910 og bustad for tre legar. I slekta er det i alt 5 generasjonar med legar frå 1860-talet og fram til i dag, og mykje medisinsk utstyr har vorte samla her opp gjennom tidene i tillegg til ei køyretøysamling.

Tiltak

TAK. Gamal strie og papir skal fjernast, ny strie vert montert med oppliming av kraftpapir. Listing langs taket vert utført for å halda på den nye strien, elles vert gammalt listverk teke vare på. Deretter måling, grunning og 2 strøk + vøling og måling av gammalt listverk.

VEGGAR. Påføring av papp (eller maskinpapir) på veggane (utanpå noverande tapet med mange gamle tapetlag under. Utanpå vert det ny tapet i opphavleg mønster, som vi har funne inst mot tømmerveggen. Det er bilete av denne tapeten på s. 2 i vedlagte artikkel frå Norske Hjem. Det tekniske skjer etter råd frå Fylkeskonservatoren, og den nye, handtrykte tapeten vert laga av ein av Noregs fremste ekspertar på området (Victoria Brand Munthe-Kaas).


ELEKTRISK ANLEGG. Skjult opplegg. Synlege leidningar og brytarar vert nylaga i stil frå denne tida, produsert av Gysinge i Sverige. Utførast av autorisert installatør (Horvei Elektro).

GOLV. Forsiktig pussing av plank etter fjerning av eksisterande linoleum frå nyare tid. Måling i tre lag med golvmåling i opprinneleg farge (oliven grøn-brun)

Tilråding

I Voss sentrum er det få att av denne type bygningar frå før andre verdskrigen. Huset er ein flott representant for sveitserstilen med tilhøyrande hage som er godt synleg og tilgjengeleg. Huset har i tillegg mange viktige kulturhistoriske gjenstandar som det er viktig å ta vare på for ettertida, og ved å halde ved like bygningen vert også gjenstandane teke godt hand om.

Kr 50000,-



Bente huset Nordre Mølstre

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Sveio

Eigar: Dag Reinert Hammer
5550 Sveio

Kostnad: 93.875,-

Søknadssum: 93.875,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Garden ligg sentralt i Mølstrevågen kulturmiljøet er regulert til spesialområde vern. Grindløa, av ukjend alder, som har behov for vøling i berande konstruksjonar, tak og kledning. Eldhuset treng nytt tak.

Tiltak

Vøle grindkonstruksjonen; dvs bytte ut råteskadde delar i stavar, betar og sneband. I tillegg skal takkonstruksjon og taktekking skiftast.

Tilråding

I følgje søknaden er det lagt opp til stor grad av utskifting av bygningsdelar og oppgradering og det går ikkje fram kva material som skal nyttast. Hovudprinsippet for vedlikehald av verneverdige bygningar er å ta vare på dei opphavlege bygningsdelane og detaljane; tak, golv, kledning, vindauge, dører, listverk og overflatehandsaming. Søknaden manglar finansieringsplan.

Avslag



Årbakka

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Tysnes

Eigar: Gunnar Onarheim
5694 Onarheim

Kostnad: 416.250,-

Søknadssum: 100.000,-

Tilråding: 30.000,-

Sum tilskot siste 5 åra: 80.000,-

Kulturminne

Årbakka er ein typisk handelstad frå siste halvdel av 1800-talet der det var både handelshus, smie og sjøbu. Hovudhuset, der det var både krambu og postkontor, har to fulle etasjar og loft, liggande bordkledning, saltak med vindeark tekt med rasteskifer.

Tiltak

Restaurering av tak; dvs hellene må ned, sperr må reparerast/ skiftast ut, oppatt med sutak og spikarslag/ lekter og heller.

Tilråding

Viktig tiltak i eldre sjøbruksmiljø som er tilgjengeleg og mykje brukt. Å sette i stand helletak er kostnads og ressurskrevjande og det er prisverdig at eigaren her søker å halde på dette opphavlege uttrykket til bygningen i staden for å nytte nyare materialar som ville ha vore både billegare og enklare.

Kr 30000,-



Nain (bedehus)

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Voss

Eigar: Voss Indremisjon
Gymnasvegen 4
5700 VOSS

Kostnad: 1.854.293,-

Søknadssum: 400.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Bedehuset Nain frå 1888 er eit åttekanta tømra bygg. Hovudrommet er ope frå fyrste etasje til møne. Takkonstruksjon boren av innvendige søyler. Dette særigne bygget er eit av to slike i landet.

Tiltak

Skifte kledning, omlegging av tak, nye vindauge, vøling av syllstokk, nytt overbygg inngangsparti og maling.

Tilråding

Det omsøkte tiltaket er allereie utført og tiltaket ber preg av oppgradering. I følgje retningslinene for tilskot til Vern og vøl skal ikkje tiltaket vere utført og midlane skal til istandsetting og restaurering, ikkje til oppgradering.

Avslag



Løe (Løemuseum)

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune:

Osterøy

Eigar:

Kjellaug og Leif Vatle
5281 Væstrandsfossen

Kostnad:

Søknadssum: 55.540,-

Tilråding: 20.000,-

Sum tilskot siste 5 åra: 30000 (2008)

Kulturminne

Grindbygd løe med tørrmurte vernemurar og liggande kledning. Løa vert brukt som til undervisning og har m. a. besøk av skuleklasser frå skulen på Valestrand.

Tiltak

Sikring av løetak; dvs. utskifting av sperr m.m. samt sikring murt sauefjøs i løa.

Tilråding

Godt tiltak med stor formidlingsverdi.

Kr 20000,-



Grimo trekai

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Ullensvang

Eigar: L/L Grimo Handelslag
Olav K Hauso
5777 Grimo

Kostnad: 1.150.000,-

Søknadssum: 200.000,-

Tilråding: 50.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Kaien er ein 64m lang trekai, med ein 29m lang nordre front. Denne kaifronten går om lag nord —sør. Den søre delen er 35m lang og svingar 14 grader mot vest i høve til den nordre delen, sjå kartet. Kaien vart ombygd og utvida i 1949. På sekstialet vart det utført ein større reparasjon på kaien. Kaien på Grimo er ein av dei siste store trekaiane som er att i Hardangerfjorden, og slik sett er denne særleg stor kulturhistorisk verdi. Kaien står som eit flott døme på korleis grendene klarte seg og utvikla seg på 1800- og 1900- talet, og er såleis eit særst viktig døme på lokal kulturhistorie.

Tiltak

Prosjektet går ut på å restaurera den verneverdige tre kaien på Grimo, og å setja den tilbake i ein god og forsvarleg bruksstand for å sikra kulturminnet og vidare aktivitet i området. Tilskot skal nyttast til reparasjon av ein av dei siste større trekaier som er att i Hardangerfjorden/ Sør fjorden. I dette inngår skifte av trepåler, skifte og forsterkning av dekke, kompletterig av dagens fenderverk og tilføyelse av fenderlist.

Tilråding

Eit viktig tiltak med positive ringverknadar for lokalsamfunnet og tilreisande. Kaien har vore, og er, ein sentral møteplass i bygda og har med det høg identitetsverdi.

Kr 50000,-



Gjøn

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Fusa

Eigar: Bjørn Stoltz
Hjellestadveien 244
5259 Hjellestad

Kostnad: 170.000,-

Søknadssum: 170.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Stabbur og grisehus i laft og løe i grindverk i eldre gardsmiljø. Det har tidlegare vore rasteheller på løa. Denne har no fått platetak, men eigaren vil ha tilbake rasteheller på taket.

Tiltak


Istandsetting og tilbakeføring av tak på stabbur, gamleflor og grisehus i gardstun på Gjøn i Fusa.

Tilråding

Vern og vøl ordninga skal bidra til å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og sikra kulturminne som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Utover sjølve istandsettinga oppfyller ikkje tiltaka i søknaden desse krava.

Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling. Vi ser difor dessverre ikkje å kunne prioritere denne søknaden.

Avslag



Eldhus i Ulvik

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Ulvik

Eigar: Trond Sjursen
Ringstabekkveien 37a

Kostnad: 356.250 ,-

Søknadssum: 150.000 ,-

Tilråding: 50.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Dette eldhuset er tekt med lappskifer. Det er bygd i bindingsverk med ståande kledning med unntak av bakveggen som er gravd inn i terrenget. Her står reisverket på en 1,5 meter høg tørrmur. Denne muren er delvist rast ned og resten står med helling inn i bygningen. Mot aust er det mur med sperretak mens det mot Nord er "Skykkje". I eldhuset er ei grue og utstyr til ein smed. Dette eldhuset har vore brukt til snekkerverksted, smie og vanlig eldhus. Det heng ein stor gamal blåsebelg i taket. Eldhuset er framleis i bruk av eigar og av naboar.

Tiltak

Taket må vølast. Hellene må takast ned, undertaket må delvis skiftast ut og så må hellene på plass att. -

Sikring av mur før graving

-Støtte huset før riving av grunnmur, vøling av grunnmur, bakfyll av mur, vøling av fundament under svill, vøling av tak med nytt sutak og 6 nye sperr, ny kledning og nye svill og sperrer.

Tilråding

Viktig tiltak på tilgjengeleg kulturminne som framleis er i bruk i sin opphavelige kontekst.

Kr 50000,-



Bergen seilskøyteklubb

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Bergen

Eigar: Bergen Seilskøyteklubb
Postboks 10 Søreidegrend
5895 Bergen

Kostnad: 647.000 ,-

Søknadssum: 120.000 ,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Tiltaket det vert søkt om her er ikkje eit kulturminnetiltak, men bygging av ein ny slipp.

Tiltak

Bygge ny slipp.

Tilråding

Tiltaket fell utanfor det Vern og vøl midlane er tiltenkt; vern og vøl ordninga skal bidra til å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og sikra kulturminne som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

Avslag



Steinhytte

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Ulvik

Eigar: Gunnar Snibsøer
Kvernabekkevegen 26j
5243 FANA

Kostnad: 65.6250 ,-

Søknadssum: 50.000 ,-

Tilråding: 40.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Steinhytta ligg like ved Rallarvegen i 1160 meters høgd ca 3km aust for Hallingskeid. Iflg "Handlingsplan (strategi) for bruk og drift av Rallarvegen" er det "starta opp eit igangsettingarbeid der vegbanen, murar, hellebruer, grøfter osv, blir sette i stand på ein historisk korrekt måte". Planen er å istandsette Høgheller steinhytte etter dei same prinsipp då den kan gå inn i eit samla kulturmiljø.

Tiltak

På taket skal den eksisterande skiferen (12'x18') brukast om att - pluss ein del ny skifer. Dekkbord og vindskier skiftes. Skorsteinen må rivast erstattast med ny. Muren vil bli fuga med vanlig fugemørtel. Taksperr (10cmx13cm) med råte vil bli reparert - evt. skifta. Vinduer kopierast - leveres som kopla vindauge. Panel, lister, stolper og hanebjelke som må skiftast, vil bli erstatta med same profilar og dimensjonar som det originale - levert frå sagbruk i Kaupanger. Utvendig arbeid vil bli å ta ned skiferen, reparere taket, bruke om att skiferen og få tett tak. Sprukne fuger meislast reine og fugast på nytt. Alt panel må takast ned, og golvet brytast opp for å få fjernet alt treverk som er råteskada. Nye vindauge blir sett inn.

Tilråding

Eit godt tiltak på eit viktig samferdslehistorisk kulturminne.

Kr 40000,-



"Shoddyen" - Strusshamn

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Askøy

Eigar: Askøy kommune
Postboks 323
5323 KLEPPESTØ

Kostnad: 2.742.000,-

Søknadssum: 1.424.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra: 130.000,-

Kulturminne

Lekpredikanten Hans Nielsen Hauge var oppteken med å skaffe arbeid til folk. Mottoet hans var å setje ånd og lekam i arbeid. Han var med å skaffe pengar til å byggje ei mølle i Strusshamn i 1804. Den første industrien vart dermed grunnlagt her – som også vart eit senter for haugianismen på Askøy. Industrimøllene utkonkurrerte bygdemøllene. Arne Johannessen kjøpte Møllehuset i 1909 og etablerte A/S Arne Johannessens Shoddyfabrik. Ca. hundre personar arbeidde her på det meste. Rundt 1960 kom kunstfiberstoffet på marknaden. Det var billigare, meir slitesterkt og førte til at sjoddiproduksjonen i Strusshamn vart nedlagt frå 1987

Bygningsmassen, Sjoddyen i Strusshamn inneheld 10 bygningar frå 1830 – 1911. Søknaden omfattar 3 av desse bygningane; «Fargeriet», «Vaskeriet» og «Karboniseringen»

Tiltak

Istandsetting og reparasjon av tak og veggjar på dei tre bygningane dvs utbetre skadar/sprekker i murverk,

Tilråding

Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 761 000,- til fordeling. Dei omsøkte tiltaka er svært omfattande og kostnadskrevjande og midlane som er til fordeling vil ikkje strekke til for tiltak av dette format.



Årestove

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Jondal

Eigar: Jondal Kommune
Kommunehuset

Kostnad: 100.000,-

Søknadssum: 50.000,-

Tilråding: 30.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Opphavleg var dette ei røykstove, seinare vart stove nytta som eldhus og ein stund som stall. To årstal er skore inn i tømra mot nordaust, 1611 og 1799. Lars Haldorson gift med Kristina Johannesdotter dreiv garden Vik frå 1606 til 1640. Dei kan ha budd i stova. Første tidfestning av at det budde folk i Vik er i år 1421 då Arnfinn Jonson budde der.

Tiltak

Det største problemet med bygningen er helletaket. Bygningsvernkonsulent meiner forfallet er kome så langt at huset bør sperres av. Det er fare for at heller kan rase ned. Fleire av hellene ligg lause på taket. Opphavleg har taket vore tekka med never og torv. Troborda ein ser på innsida viser til dette. I tillegg er tømra mot nord-vest så utsett for regn og vete at der bør settas opp kledning. Nov mot nord-vest må fundamentast og sikrast.

Tilråding

Bygninga det er søkt støtte til her ligg sentralt i Viketunet i Jondal som ofte vert nytta til tilstellingar og arrangement av ulikt slag og har difor høg formidlingsverdi. Dei beskrivne tiltaka for istandsetting er nøktern og let seg lett gjennomføre.

Kr 30000,-



Ervingen

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Bergen

Eigar: Ervingen Kulturhus AS
Kong Oscarsgate 18
5017 Bergen

Kostnad: 2.073.613,-

Søknadssum: 100.000,-

Tilråding: 50.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Leige/forretningsgård frå 1897 teikna av Schak Bull. Stor sal i 3. høgd ein mindre i andre og 4.høgd.

Salane er nytta mykje av frivillige organisasjonar til sine aktivitetar, og med ei rimeleg husleige.

Tiltak

Tilskotet skal nyttast til tilbakeføring av vindaugo til så nær opprinneleg som arkitekt Schak Bull hadde teikna i 1898. Men i etterkrigstida er vindaugo vorte skifta ut til uoriginale løysingar som er utette og med råteskadar. I tett samråd med Byantikvaren ved Tone M. Takvam, og ut frå opprinnelege teikningar settja inn nye.

Tilråding

Godt tiltak i historisk viktig bygg sentralt i Vågsbunnen. Huset er mykje i bruk av lag og organisasjonar og kjem med det mange til gode.

Kr 50000,-



Vannes

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Etne

Eigar: Hilde Rafdal
Rylandshøgda 16
5917 Roassland

Kostnad: 25.000,-

Søknadssum: 25.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Mindre stove/våningshus med helletak på husmannsplass frå 1880. Husmannsplassen låg under prestegarden i Skånevik.

Tiltak

Dels skifte av kledning og dels sprøyting mot mit.

Tilråding

Tiltaket som er beskrevet kan reknast som vanleg vedlikehald og/ eller som oppgradering. Vern og vøl midlane skal gå til å dekke meirkostnader i samband med istandsetting og restaurering av kulturminne.

Avslag



Grimo

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune:

Ullensvang

Eigar:

Anne - Kristine Mæland Måkestad
5777 Grimo

Kostnad:

500.000,-

Søknadssum:

50.000,-

Tilråding:

20.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Bygningen er samanbygd av ei stove mot nord og eit loft i to høgder mot sør, med eit kjøken mellom seg. Heile bygningen står på to kjellarar og i bak-kant er det eit lite påbygg/sval. I 1824 då Tore Jonson fekk festa plassen har han bygd stova. Stova er bygd som ei vanle røykstove. No er hogd til i sinknov, som er vanleg på 1800-talet. Bete har snekkerdetalj som var vanleg på 1800. Stova står på mura kjeller, som er ein potetkjeller delvis under jorda, noko som også er vanleg på 1800-talet.

Tiltak

Fundament og grunnmur må først vurderast og deretter må tiltak settes i gang. Vindauge og lem må restaurerast. Taktekking må vurderast og alle overflater inne tilbakeførast, målast på ny eller reingjerast. I tillegg skal bygningen bli oppjustert slik at den kan nyttast til utleige.

Tilråding

Det som ofte er vanleg på slike festa plasser er at hus er blitt henta frå andre stader, hus som allereie på den tida var rekna for å være gamle. Brukar sit då i dag med hus som er mykje eldre enn sjølve ryddinga av bruket. Sett både i kulturhistorisk samanheng og i bygningshistorisk samanheng har eit slikt samanbygd hus som står i Aldevik stor verneverdi.

Kr 20000,-



Hopland

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Austrheim

Eigar: Linda og Trygve Syslak
Hoplandsjøen 79
5943 Austrheim

Kostnad: 362.500,-

Søknadssum: 162.000,-

Tilråding: 50.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Stovehuset, bygt i 1851, er ei lemstove med kjøkken og gang i midten og ei steinmurt skykkje i den sørvestre gavlen. Den grindbygde løa ligg innanfor ein stor gråsteinsmur mot sørvest, mot slag regnet og dei harde vinterstormane. Den tømra floren står inne i løa, og på autsida er det ei langsgåande sval mellom stavrekkja og ytterveggene.

Tiltak

- Rydding og tilordning i løa for å skaffe tilkomst
- Sikra bygget med dekkestøtter
- Demontere murverket og sortere stein
- Gjennomføre grunnarbeid / refundamentering
- Atterreising

Tilråding

Vernemurar av denne typen var vanleg i Nordhordland for nokre tiår sidan. No ser vi at fleire og fleire av liknande anlegg forsvinn eller ramlar ned. Dette anlegget er likevel spesielt då det er komplett med stovehus løe, flor og skykkje. Kulturminnet vert ofte nytta i samband med kulturminnevandringar og andre liknande arrangement og har med det høg formidlings og identitetsverdi lokalt.

Kr 50000,-



Unneland

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune:

Bergen

Eigar:

Arne Unneland
Unnelandsvegen 264

Kostnad:

199.827,-

Søknadssum:

199.827,-

Tilråding:

20.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Skulebygningen vart truleg reist i 1870-åra, og er ein lafta bygning med opphavleg tre rom: inngangsparti, lærarrom og skulestove. Det har tidlegare vore trapp til loftet (der ein hadde veden). I dag er det etasjeskiljet og loft berre i nordre delen, medan i skulestova føl himlingen sperrene opp til hanebjelken. Bygningen har vore brukt til ulike føremål frå femtitalet til våre dagar, og då stort sett i samanheng med idrett og sportsaktivitetar. No er det ynskje om ei istandsetjing basert på tilbakeføring til kjent tilstand.

Tiltak

- Vøling av utvendige fasadar og utskifting av vindauga, inngongsdør, renner m/nedløp og murarbeid.
 - KLEDNING: Eindel kledning på aust-, nord- og vestveggen må skiftast. På sørveggen må all kledning skiftast
 - Likeeins må vannstokken skiftast rundt heile huset.
 - RENNER: Nye renner med nedløp i "natur" aluminium (type Grøvik) vert sett opp på begge sider.
 - VINDAUGA: Utskifting av alle vindauge i skulehuset. I tillegg der ein ser spor etter tidlegare vindauge i kledningen (2 vindauge mot nord). Vindauga skal produserast med størst mogeleg likskap til dei originale vindauga, så langt me kjenner til dei mellom anna frå foto av bygget.
 - DØR: Ny hovuddør i tidsriktig utføring.
- MALING: Gammal kledning skrapast rein. Gammal og ny kledning vert malt med kvit linoljemaling etter grunning. 2 strøk.
- MURARBEID:Reparasjon av grunnmur. Ny fuging og oppretting.

Tilråding

Godt tiltak som kjem heile grenda til gode. Tiltaka som er beskrive; tilbakeføring til kjend tilstand, verkar nøktern og gjennomtenkt. Søknadssummen er likevel stor. Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling.

Kr 20000,-



Øvre korskirkealmenning

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Bergen

Eigar: Øvre Korskirkealmenning 1 AS
Øvre Korskirkealmenning 1
5017 Bergen

Kostnad: 700.000,-

Søknadssum: 500.000,-

Tilråding: 30.000,-

Sum tilskot siste 5 åra: 30.000,- (2012 og 2013)

Kulturminne

Hovudbygninga oppført i 1702 som eit stein og murbygg. Mellombygget frå 1890-1910. Nyklassisisme. Ytterveggar er bygd av kleberstein og gråstein og er pussa med mørtel. På hjørna er det synleg kleberstein frå Alrekstad kongsgård. Deler av den pussa fasaden består av ornament. Dekker og tak er bygd av tre. Etter at bygget hadde vore privat bustad for presten, vart det solgt og brukt som aldersheim i mange år. I 1982 ble bygget kjøpt av dagens eigarar og omgjort til dagens formål og bruk.

Tiltak

Utbetne skadar på fasade mot Øvre Korskirkealmenning og inn mot bakplassen. På grunn av ristingar i grunnen, en konsekvens av økt trafikal belastning gjennom Kong Oscarsgate samt endringar i grunnforholda, oppstår det sprekkdanningar i veggjar og konstruksjonar. Dette fører til forvitring av fasadeelement og lekkasjar.

Endringane i grunn og påkjenninga fra veien, gjør at det dannar seg sprekker heilt opp til tredje etasje. Det er store problem med sprekker og lekkasjer. Det er oppdaga lekkasje i veggen, det er difor avgjerande å få dette lokalisert, truleg kjem dette frå taket.

Tilskotet skal gå til å reparere yttervegger, vinduselementer og tak.

Tilråding

Svært eksponert bygning i historisk viktig gateløp/bylandskap. Søknadssummen er stor. Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling.

Kr 30000,-



Sagbruk Sælen Gard

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Bergen

Eigar: Fyllingsdalen historielag
Postboks 1423 Oasen
5829 Bergen

Kostnad: 288.000,-

Søknadssum: 500.000,-

Tilråding: 30.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Sagbruk Sælen Gård Fyllingsdalen. Kongelig resolusjon i 1755 om sagbruk i elven. Noverande stemme og turbin 1933. Dette anlegget står på historisk grunn innan jordbruksutvikling i Bergen og Hordaland Statsråd Ivar B Sælen i Christian Michelsen regjering i 1905 var eigar av garden fram til sin død 1923. Ivar B Sælens virke har sett store spor etter seg på så mange måtar og områder.

Tiltak

Første oppgåve vil bli å høgtrykkvaske heile konstruksjonen for å få oversikt og godt grunnlag for betong reparasjonar.

Ein må samtidig grave ut på oppsida av stemma og forsterkast langs Sælenveien. Dette fordi vi må få fram luka som tidlegare var nytta til å leie vatnet gjennom når det var behov for vedlikehald på luka som fører vatnet ut i renna og inn i turbinen. Dette må vi ha i orden før vi kan starte betong reparasjonen. Dette vil bli en betong reparasjon for å forsterke, og fylle inn steder som er utvasket. Det vil bli lagt vekt på å få overflatestruktur tilbake til opphaveleg slik at reparasjonar går naturleg inn i det originale. Rørgata byggast opp etter originale teikningar og metodar.. Gravearbeid og muring vil bli utført av lokale entreprenører. Vi ser det som svært viktig at alt maskinarbeid langs elven ikkje kjem i konflikt med elvebotnen og elvebredda.

Tilråding

Viktig tiltak i jordbruks og kulturlandskap innanfor bygrensene. Anlegget ligg i eit område som er mykje brukt av folk i Fyllingsdalen og prosjektet har stor formidlingsverdi og kan ha viktig identitetskapande verdi i drabantbyen.

Kr 30000,-



Stuen i gamletunet

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Os

Eigar: Fortidsminneforeningen v/Lysøen-
utvaget
C/O museet Lysøen
5215 Lysekloster

Kostnad: 485.000,-

Søknadssum: 120.000,-

Tilråding: 12.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Stova er truleg den eldste bygningen på Lysøen. Det er ei røykstove der ljoren framleis er intakt. Denne har årstalet 1825 gravert inn, men stova skal være eldre enn det.

Tiltak

Reparere og utbetre lekkasjes og råteskader i tak og takkonstruksjon.

Tilråding

Søknadssummen er stor. Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling.

Kr 12000,-



Staup Løe

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Voss

Eigar: Geir Løne
Strandavegen 593
5710 Skulestadmo

Kostnad: 1.900.000,-

Søknadssum: 700.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra: 95.000,-

Kulturminne

Restaurering av løe på garden Staup. Løa er den siste bygningen av i alt 8 som vert restaurert på garden. Dei andre husa som er restaurerte er stovehus med årestove, stabbur, bualoft, flor, kjerrehus, stall og eldhus.

Tiltak

Omlegging og reparasjon av tak. Tradisjonelt handverk med bruk av kran for tak. Skifer på tak. Rastaheller og lapp. Treverk hovudsakleg alna furu.

Tilråding

Søknadssummen er stor. Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling.

Avslag



Evanger brygge

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Voss

Eigar: Voss kommune
Pb 145
5701 VOSS

Kostnad: 90.000,-

Søknadssum: 40.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Steinbryggja på Evanger tente postruta som i si tid gjekk med båt over Evangervatnet og hadde sitt motstykke i den andre enden av vatnet. Bryggja vart bygd av Ole M.Amundsen Melstvedt i 1834 og kom i plassen for ei eldre bryggje i tre som vart teken av flaum.


Tiltak

Restaurering av den ytre delen av bryggja, jfr. skravert felt på vedlagd skisse. Eit heller omfattande inngrep er nødvendig. Det vil innebera demontering av denne delen, refundamentering/grunnarbeid beståande av graving og etablering av ei solid steinfylling og oppattmuring av steintrappa og partiet innanfor. Det vil truleg vera føremålstenleg med ei eller anna maskinell hjelp, t.d. gravemaskin både til handtering av stor stein og til graving og fylling av stein til fundamentet. Ein kan også vurdera nytteverdien av ein minikran eller liknande til handtering av stein. Steinen vil kunna deponerast på høvelege stader langs stranda, og ved oppattmuringa vil ein gravemaskin kunna vera til høveleg hjelp. Mindre reparasjonar i murverket elles. Dette vil omfatta oppretting av vegetasjonsskadar, tilbakeføring av stein som er skipla/har falle ut og setjing av kilar der slike manglar. Oppretting av topplaget. Når trappa er mura opp at og reparasjonar elles er gjennomførte, er det naudsynleg å gjera topplaget på bryggja i stand. Det vil m.a. innebera å undersøkje om det ligg større mengder finmasse inne i bakmuren, dvs. området imellom dei to langsgåande vangane. Det er grunn til å tru at det er ein del for fine massar her, m.a. er det fylt nedi ein del grus på 1990-talet. Så mykje som råd er av dette bør skillast ut og erstattast med ei blanding av større og mindre stein til fylling. Når ein såleis har etablert ein solid bakmur, kan ein leggja nye dekkheller oppå. Her kan ein dels gjera seg nytte av dei som finst på staden, men det er grunn til å rekna med at ein del heller er blitt borte eller øydelagde, slik at det må skaffast nye høvelege heller til denne bruken.

Tilråding

Søknadssummen er stor. Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling.

Avslag



Gjønaneset - Flytting og oppsetting av stabbur

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Fusa

Eigar: Bjørn Stoltz
Hjellestadveien 244
5259 Hjellestad

Kostnad: 90.000,-

Søknadssum: 40.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Søknaden gjeld flytting og oppsetting av eit stabbur i to etasjer (4 x 5m2 grunnflate) som ligg lagra i Hallingdal.

Tiltak

Flytte stabbur frå Hallingdal og sette det opp att på Gjønaneset.

Tilråding

Tiltaket fell utanfor Hordaland fylkeskommune sine stønadsordningar. Vern og vøl midlane skal gå til å dekke meirkostnadar i samband med istandsetting og restaurering av kulturminne.

Avslag



Kasjotten

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Etne

Eigar: Tora og Johne Andre Lilledal
Mosdalen
5590 ETNE

Kostnad: 221.000,-

Søknadssum: 110.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra: 30.000,- (2013)

Kulturminne

I følge kulturminneregistreringar er dette ein bygning frå 1851 som har vore formannsbustad for Bjellands hermetikkfabrikk. Seinare vart det arbeidarbustad. Huset skal og ha vore nytta til arrest og tinghus.

Tiltak

Isolasjon, ny kledning, nye golv, ny omn, ny pipe samt ytterdører og smijarnsrekkeverk.

Tilråding

Tiltaket beskrive i søknaden fell utanfor Hordaland fylkeskommune sine stønadsordninga då det handlar om oppgradering. Vern og vøl midlane skal gå til å dekke meirkostnadar i samband med istandsetting og restaurering av kulturminne.

Avslag



Kyte løe

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Voss

Eigar: Anne Ragnhild Dolve Kyte
Kytesvegen 351
5706 VOSS

Kostnad:

Søknadssum: 108.437,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Løe frå 1800- talet i grind og laft med helletak på tidlegare husmannsplass i Kytehagen. (lite info i søknad)

Tiltak

Utbetring av råteskade i vegg. Arbeidet allereie utført. (lite info i søknad)

Tilråding

I følge søknaden er arbeidet allereie utført. I retningslinene for Vern og vøl tilskot heiter det: Det kan ikkje søkjast midlar til tiltak som allereie er påbyrja, med mindre det er eit strakstiltak (lekkasje m.m.) og administrasjonen har godkjent at tiltaket kan påbyrjast før søknaden er handsama.

Avslag



Lønborg - grunnmur

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Bergen

Eigar: Anne Toppe Myrdal
Postboks 11, Lønborg
5818 Bergen

Kostnad: 99.000,-

Søknadssum: 15.000,-

Tilråding: 15.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Våningshus frå 1822. Verneverdig, og godt istandsett. Klassifisert stilmessig ved innslag av tradisjonell lemstove og byhus med m.a. takvipp. I hovudsak tømra konstruksjon. Grunnmur og vegger mot sør (delvis) og vest utført som tørrmur.

Tiltak

I hovudsak arbeid p vegg mot sør (langvegg). Delte er særdeles viktig og krevjande arbeid då det her er observert setningsskadar i berande vegg i tørrmur. Det vil vera nødvendig med særlege sikringstiltak av omsyn til den vemeverdige bygningen og tryggleiken for dei som skal utfora arbeidet.

Tilråding

Godt tiltak på viktig kulturminne. Det har tidlegare vore utført omfattande istandsettingsarbeid på dette verneverdige huset og det er viktig at prosjektet blir fulgt opp og ferdigstilt.

Kr 15000,-



Notabu Flatøy

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Meland

Eigar: Kristian Samuelsen
Flatøyvegen 62
5918 Flatøy

Kostnad: 20.000,-

Søknadssum: 20.000,-

Tilråding: 10.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Notbu i bindingsverk og med bølgeblekk bygd i 1946 i samband med storsild og brislingfiske. Denne bua var base for fiskeri i Nordsjøen og ved Island og var ein stor arbeidsplass i dei åra dette pågjekk.


Tiltak

Sette i stand kledning og vindauge i gavlen/fasaden mot sjøen.

Tilråding

Eit viktig representant for ein type næringsbygg og kulturminne i pressområde (utbygging på Flatøy) som vanlegvis ikkje blir tilgodesett med offentlege tilskot.

Kr 10000,-



Smie - Uggdal

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Tysnes

Eigar: Uggdal bygdslag
v/Per Vermedal
5685 Uggdal

Kostnad: 244.125,-

Søknadssum: 100.000,-

Tilråding: 10.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Smie i Uggdal frå 1918 med alt inventar intakt. Mykje brukt av skuleklassar og museum.


Tiltak

Istandsetting av tak/dropeskifer og vindauge.

Tilråding

Flott tiltak på viktig kulturminne med stor formidlingsverdi. Søknadssummen er stor. Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling.

Kr 10000,-



Naust - Holmefjord

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Fusa

Eigar: Wenke Gullaksen Holmefjord
Holmefjord

Kostnad: 400.000,-

Søknadssum: ?

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Tørrmurt naust frå 1700-talet med rasteheller på taket. Tidlegare brukt som kyrkjebåtnaust og skomakarverkstad.

Tiltak

Vøling av tørmur/refundamentering i nord ca 80 x 240 x 169, vider må omlag 4 meter med mur vølast i toppen.

nye labankdørrar i front (sørsida). Ny kledning i sør, her skal den opphavlege kledning i nord kopierast. Vøling/delvis ny kledning i nord. 1 ny labankdør i nord, ei gamal kan brukast. to nye betar i nord og 6 nye sperrer. 1 sperr må skiftast midt på langsida vest. Ca to meter av stavlegja i sørvest må vølast/byttast. Nye lekter og demontering/montering av rastahelle, det påreknast 11 m2 med nye heller.

Flott tiltak på viktig kulturminne. Søknadssummen er stor. Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling. Her bør ein søkje midlar til kurs i tradisjonshandverk.

Avslag



Stabbur - Færevåg

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Tysnes

Eigar: Åsne Sunniva Søreide
5685 Uggdal

Kostnad: 391.875,-

Søknadssum: 70.000,-

Tilråding: 70.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Stabbur med loft. Buret står dels på stabbar og dels på tørrmur. Det er gang (utdør) med trapp opp til døralemmen og loftet. Stabburet er tømra, tømmeret er flattelja og det er høvla på innsida. Bygget ser ut til å være yngre enn 1700. Det er fine eldre glas og dører. På loftet er det originalt golv, vegger og himling er panelt. Stabburet har rasteheller på framsida og bølgeeternit på baksida.

Det gamle tunet på Færevåg i Tysnes er mellom dei best bevarte rekkjetuna i Hordaland. I tunet står løe, fjøs og stall bygd saman med våningshuset, stabbur med loft, vetlestove med eldhus og skykkje, brønnhus, silo og hønsehus. Det er naust på garden. Rekkjetunet er kjend av styresmaktene som eit av dei mest særmerkte kulturmiljøa på Tysnes.

Fleire av husa i tunet treng vøling. Våningshuset har fleire lekkasjar i taket, med skade på tro og sperr.

Stabburet har trong for omlegging av tak og utbetring av murane som sig ut. Vetlestova har problem med grunnmur og setningsskadar. Siloen har store skader i takkonstruksjonen.

Etter Hordaland fylkeskommune si vurdering er eigaren sine planar for istandsetting og kulturformidling svært positive. Prosjektet har ein klår antikvarisk ambisjon, er viktige for tunet, og vil kunne tene som føredøme for kulturminnevernet på Tysnes og elles i regionen.

Tiltak

Stabburet skal settas i stand i tråd med antikvariske prinsipp på ein slik måte at ein tek vare på både dei pedagogiske og historiske verdiane gjennom handverksteknikkar, materialvalg og metode. Taket skal leggst om. Der det er rasteheller i dag skal desse oppatt. På den sida der det er eternittak i dag skal ein tilbakeføre til rasteheller slik det var tidlegare. Opplengjer og kledning skal vølast. Det same gjeld golva som er dels råteskadde.

Tilråding

Rekkjetunet på Færevåg har svært høg kulturminneverdi og er ei viktig kjelde til opplevingar og kunnskap om historia. Istandsetjing av kulturmiljøet er sentralt i arbeidet med å ta i vare regionen si kulturhistorie.

Hordaland fylkeskommune stør opp om arbeidet med bevaring.

Kr 70000,-



Larsalesfjøset

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Ulvik

Eigar: Aase Johanne Juul
Bregneveien 12
0875 OSLO

Kostnad: 167.000,-

Søknadssum: 60.000,-

Tilråding: 20.000,-

Sum tilskot siste 5 åra: 60.000,- (Kulturminnefondet 20??)

Kulturminne

Tørrmurt og tømra fjøs og ystebu frå omkring 1820 i stølsmiljø på Hallingskeid i Ulvik Herad.

Tiltak

Istandsetting av tørrmur, tømre, kledning og tak. Frakt med helikopter.

Tilråding

Det minkar på kulturminne frå den tida det var levande stølsmiljø og matproduksjon på Hallingskeid. Fjøsen og ystebua er ein representant frå denne driftsforma.

Kr 20000,-.



Grindverksløy - Mjøs

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Radøy

Eigar: Mona Steiner Brekkan
Øvre Mjøs 11
5939 Sletta

Kostnad: 203.125,-

Søknadssum: 60.000,-

Tilråding: 24.000,-

Sum tilskot siste 5 åra: 25.000,- (2013)

Kulturminne

Løa, som visstnok er relativt stor for området (ca. 20x8 meter) er ei sekstavs grindverksløy med gråsteinsmur i sør og vest, og med furukledning på dei resterande veggane. Stavane er øksa. Taket er i dag av bølgeblekk. I underetasjen er det eit fjøs i nord og ein sauefjøs i sør.


Tiltak

- ta ned eksisterande grindverk på ein fagleg forsvarleg måte og evaluera kva som kan nyttast i den restaurerte løa.
- få vurdert gjenbruk av ulike delar og skaffa oversyn over behovet for nye material.
- Tilbakeføring til opprinnelege utsjånad.

Tilråding

Løa er ein god representant for den typiske tørrmurstradisjonen vi finn i Nordhordland. Viktig at slike representantar blir tatt vare på og brukt.

Kr 24000,-



Gamlehagen - Litlebergen

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Meland

Eigar: Kristine Fluge / Haakon Aase
Litlebergen 29

Kostnad: 495.000,-

Søknadssum: 50.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Hagemur i tørrmur frå 1700 talet. Inngjerda hage knytt til bustadhus i Louise Seize-stil (brann ned i 1943)

Tiltak

Istandsetting/oppattmuring av tørrmur.

Tilråding

Flott tiltak på viktig kulturminne. Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling. Med bakgrunn i dette kan vi dessverre ikkje prioritere denne søknaden i denne omgang.

Avslag



Kvelvbru

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Kvam

Eigar: Kåre Nes
Nernesvegen 34
5632 Omastrand

Kostnad: 415.000,-

Søknadssum: 50.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Oppsetting av ny kvelvbru som handverksopplæringsprosjekt.

Tiltak

Oppsetting av ny kvelvbru som handverksopplæringsprosjekt.

Tilråding

Tiltaket fell utanfor Hordaland fylkeskommune sine stønadsordningar. Vern og vøl midlane skal gå til å dekke meirkostnadar i samband med istandsetting og restaurering av kulturminne.

Avslag



Gamleløa på Nes

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Kvam

Eigar: Kåre Nes
Nernesvegen 34
5632 Omastrand

Kostnad: 692.325,-

Søknadssum: 70.000,-

Tilråding: 50.000,-

Sum tilskot siste 5 åra: 70.000,- (2014)

Kulturminne

Gamleløa på Nes er ei av dei største og best bevarte løebygningane vi har i regionen. Den grindbygde løa rommar dei fleste driftsfunksjonane på garden. Løa går inn i ein tunskipnad på til saman 15 bygningar. 8 av desse er, slik vi ser det, verneverdige. Nes er mellom dei eldste namneformene. Det er sannsynleg at det har vore drift i området heilt attende til jernalderen. Kulturlandskapet vert skjøtta på framifrå vis og har etter Hordaland fylkeskommune sitt syn nasjonal verdi. Garden Nes har tidlegare fått fylket sin kulturlandskapspris, og er i tildelt Olavsrosa.

Tiltak

Omlegging og forsterking av helletak i farleg tilstand.

Tilråding

Det er brukt vesentlege offentlege og private ressursar på restaurering av kubbefloren som står inne i løa, men også på istandsetjing av 6 andre bygningar på garden. Løa er ein viktig del av heilskapen, og etter Hordaland fylkeskommune sitt syn er det nødvendig å gjennomføre tiltak for å hindre at bygningen ikkje vert svekka som kulturminne.

Kr 50000,-



Nes hovudbygning

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Kvam

Eigar: Geirmund Nes
Hardangerfjordvegen 321

Kostnad: 110.000,-

Søknadssum: 50.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Lemstove med 2 lafta kjernar. Midtbygg og svaler er oppført i reisverk. Kjellar i dobbelmur av hoggen naturstein. Kledning, listverk og originale dører og vindauger er tekne vare på for restaurering. Hovudbygningen inngår i eit to-generasjons klyngetun med 10 hus.


Tiltak

Tilskotet skal no nyttast til restaurering av vindauger og dører til hovudbygningen.

Tilråding

Stor prosjektkostnad og søknadssum. Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på kr om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling. Med bakgrunn i dette kan vi dessverre ikkje prioritere denne søknaden i denne omgang.

Avslag



Gjøn - stabbur, garasje

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Fusa

Eigar: Helge Andre Gjøn
Gjøn
5640 Eikelandsosen

Kostnad: 875.000,-

Søknadssum: ?

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Istandsetting av stabbur og hønsehus/garasje.

Tiltak

Oppjekking og istandsetting av pilarar, fundament og bjelkelag og nytt skifertak på stabburet.
Omlegging av tak, skifting av ramme og bjelkelag på hønsehus.

Tilråding

Stor prosjektkostnad og søknadssum. Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling. Med bakgrunn i dette kan vi dessverre ikkje prioritere denne søknaden i denne omgang.

Avslag



Jernbanetrase - Stend st.

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Bergen

Eigar:

Kostnad: 265.000,-

Søknadssum: 25.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Prosjektet er en rekonstruksjon av skinnegang og sviller på opphavleg trase. Parsellen er 50 meter lang. Visjonært kan man tenke seg parsellen kobla opp mot ein rekonstruert del på om lag 300 meter for forbindelse med sporanlegget på Stend stasjon.

Tiltaket


Tilskotet skal nyttast til innkjøp skinner med laskar og skinnespiker. Skinnene vert kjøpt frå England der dei i si tid også kom frå.

Tilråding

I følge søknaden er det lagt opp til rekonstruksjon. Hovudprinsippet for vedlikehald av verneverdige bygningar er å ta vare på dei opphavlege bygningsdelane og detaljane; tak, golv, kledning, vindauge, dører, listverk og overflatehandsaming.

Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling. Vi kan med bakgrunn i dette ikkje prioritere søknaden.

Avslag



Gauksheim Skulehus

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Austevoll

Eigar: Skulehuset Gauksheim v/Aashild
Dalen veivåg
5397 Bekkjarvik

Kostnad: 95.000,-

Søknadssum: 70.000,-

Tilråding: 30.000,-

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

1900-tal typisk skulestove med store krysspostvindauge, liggande kledning og rasteheller på taket. I dag blir huset nytta til forsamlingshus i bygda.

Tiltak

- Tetta lekkasje i tak og skifta sutak.
- Skifta vannstokk og bordkledning.
- Maling inne og ute.
- Fjerna tre.

Skifertaket må takast ned og leggjast på att. Delar av tak og sutak skiftast. Må utførast av fagfolk. Delar av vannstokk og bordkledning må skiftast. Må i hovudsak utførast av fagfolk. Maling inne og ute utførast på dugnad. Fjerning av tre må gjerast av fagfolk.

Tilråding

Hordaland fylkeskommune vurderer dette som eit godt tiltak der det vert lagt ned stor dugnadsinnsats og bygningen fungerer som sosial møteplass i bygda. I følgje søknaden vert skulen som kulturminne godt teken vare på.

30.000,-



Bergen Døvesenter

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Bergen

Eigar: Bergen Døvesenter
Kalfarveien 79
5022 Bergen

Kostnad: 129.500,-

Søknadssum: 129.500,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Rikt dekorert trevilla i sveitserstil frå 1869 med panelvegger. Pusset grunnmur av gråstein. Tretak med lappskifer på hovudtak, papp på tårntak. Tegnet av arkitekt Franz Wilh. Schiertz.

Tiltak

Utsifting av utdatert brannalarmanlegg.

Tilråding

Tiltaket fell utanfor Hordaland fylkeskommune sine stønadsordningar. Vern og vøl midlane skal gå til å dekke meirkostnadar i samband med istandsetting og restaurering av kulturminne.

Avslag



Godvik - Borgundhuset

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Bergen

Eigar: Eirik Fausa
Pålaveien 33
5179 Godvik

Kostnad: 695.000,-

Søknadssum: 400.000,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Lafta sveitservilla frå 1906 bygd som bustad for kjemiingeniør Ludvig Borgund ved Alvøen papirfabrikk. Huset har store originale vindauge, liggande kledning og dropeskifer på taket.

Tiltak

Legge om skifertak og tilbakeføre/sette inn tre nye vindauge i vestveggen.

Tilråding

Søknaden beskriv at huset har gått gjennom store endringar, noko som har redusert kulturminneverdien til huset. Dette går også fram av vedlagde foto. I følgje søknaden er det lagt opp til stor grad av utskifting av bygningsdelar og oppgradering. Hovudprinsippet for vedlikehald av verneverdige bygningar er å ta vare på dei opphavlege bygningsdelane og detaljane; tak, golv, kledning, vindauge, dører, listverk og overflatehandsaming.

Avslag



Tørrmur - Myrvollen

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Os

Eigar: Kari Lepsøe
Myrvollen 5
5210 OS

Kostnad: 794.719,-

Søknadssum: 794.719,-

Tilråding: 0

Sum tilskot siste 5 åra:

Kulturminne

Tidlegare postveg (del av Stavangerske postveg). Vegen var i bruk som riksveg til 1954. I nærleiken finst ein historisk plass; rettarplassen for ein postranar som var avretta der (Stegle). Vegen er eit verdifullt teknisk kulturminne tilgjengeleg for alle.

Tiltak

Fjerning av vegetasjon i og ved anlegget

Dei skadde partia langs autsida av vegen må demonterast, refundamenterast, og murast opp att.

Reparasjon/atterreising av kantmur på vestsida

Tilbakeføring av stabbesteinar der det har vore

Utbetring av grøfter, stikkrenner og utløp

Utbetring av vegdekke

Tilråding

Vegen er eit verdifullt teknisk kulturminne tilgjengeleg for alle. Stor prosjektkostnad og søknadssum. Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 er på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling. Med bakgrunn i dette kan vi dessverre ikkje prioritere denne søknaden i denne omgang.

Avslag



Skrivargarden på Hesthamar

Askeladden ID:

Tilstandsgrad:

Kommune: Ullensvang

Eigar: Ullensvang herad
5780 KINSARVIK

Kostnad: 425.000,-

Søknadssum: 100.000,-

Tilråding: 50.000,-

Sum tilskot siste 5 åra: 100.000,- (andre tilskott)

Kulturminne

Hesthamar, nokre kilometer nord for Utne, er ein av dei eldste sorenskrivargardane i landet. I 1637, knappe 50 år etter at sorenskrivarembetet var skipa i 1591, kjøpte ålmugen i Hardanger denne garden av futen Lauritz Johnsen på Torsnes. Frå 1659 budde sorenskrivarane her, i vekslande periodar, fram til 1790. Då vart Helleland ved Lofthus «skrivargard».

Tiltak

Tilskotet skal nyttast til å skifte ut råte kledning og råte feste (opplengje) på nord-aust sida mot fjorden. Ullensvang herad har fått kr 325.000 frå Norsk kulturminnefond til å reparere vindauge. Hardanger folkemuseum har teke på seg jobben og skal i løpet av 2015 restaurere 8 vindauge på langsida mot fjorden. Erfaring frå restaurering av gavlsida mot nord-vest viser til at der må skiftast kledning. Dersom kledning og opplengje ikkje vert skifta er der ingen feste til dei nyrestaurerte vindauga. I 2013 og 2014 har Hardanger og Voss museum restaurert vindauge mot nord-vest. Museet nytta dei 100.000 løyva frå Hordaland fylkeskommune til å skifte kledning og opplengje, og håpar at Hordaland fylkeskommune kan løyve same sum for 2015 slik at der vert nok midlar til å fullføre restaureringa mot fjorden.

Tilråding

I søknaden er det ikkje lagt inn eigendel frå eigar Ullensvang kommune. Hordaland Fylkeskommune har tidlegare løyvd kr 100000,- til dette tiltaket. Freda bygningar i offentleg eige kan ikkje få statlege midlar til istandsetting. Dette går fram av vedtektene i den statlege tilskotsordninga for freda bygg, kapittel 1429 post 71.

Den samla søknadssummen til «Vern og vøl» for 2015 var på om lag 10 mill. Hordaland fylkeskommune har kr 891 000,- til fordeling. Vi løyver kr 50.000,- til tiltaket samstundes som vi vil be administrasjonen vurdere om det er mogleg å finne midlar frå andre postar til dette tiltaket.

Tilrår 50.000,-



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00
www.hordaland.no